

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Kommunestyret
Møtedato 17.10.2019
Møtetid: Kl. 16:00 - 21:55
Møtestad: Biblioteket på Bjørkheim

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Bright Olav Gåsdal	Ap
Harald Boge	Ap
Nils Aadland	Ap
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	Bl
Knut Harald Frøland	Bl
Lena Tveit	Bl
Martin Haugen	Bl
Solveig Vassenden	Bl
Gunnar J. Bruvik	Frp
Odd Arne Haga	Frp
Arild Røen	H
Sture Tveit	H
Gunn Totland Moss	KrF
Inge Aasgaard	KrF
Øyvind Strømmen	MDG
Monica Tjønnå	Sp
Øyvind Røen	Sp
Jon Magne Bogevik	Uavh

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Olaug Karin Øystese	Ap	Gunn Østvik Petersen	Ap
Vidar Tveiterås	Ap	Roger Gjerde Urås	Ap
Karl Bård Kollbotn	Frp	Ingvild Raftevoll Bogevik	Frp

Møtenotater:**Andre som var i møte:**

Rådmann Charlotte Hageberg.

Ass.rådmann Hilde Lill Våge.

Avdelingsleiar sørvissenter Marianne Soleng.

Møteleiar:	Øyvind Røen
Møtesekretær:	Marianne Soleng

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 25.10.2019

Øyvind Røen
fungerande ordførar

Marianne Soleng
avdelingsleiar sørvissenteret

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
038/2019	19/910	Faste saker	
039/2019	19/418	Økonomirapportering pr 2. tertial 2019	
040/2019	19/418	Finansrapportering 2.tertial 2019	
041/2019	19/716	Premiss budsjett og økonomiplan 2020-2023 - ny handsaming	
042/2019	18/1485	Kommunalt tilskot til private barnehagar 2020	
043/2019	18/1041	Endeleg vedtak av reguleringsplan for Børdalen næringsområde	
044/2019	18/1331	Tilskot privat veg	
045/2019	19/169	Skjenkeløyve - Milano Pizzeria - Bjørkheim	Ikkje offentleg
046/2019	18/1738	Søknad om fritak frå eigedomskatt for bygning med historisk verdi GBNR 45/13	
047/2019	19/303	Bergen og omland friluftsråd - endring i medlemskommunar på grunn av kommunesamanslåingar	
048/2019	18/694	Medlem i Visit Bjørnefjorden	
049/2019	19/782	Kjøp av parsell på Bjørkheim 18/163	
050/2019	19/882	Innfartsparkering - Bjørkheim	
051/2019	19/163	Utgreiing av interkommunalt legevaktsamarbeid mellom Bergen, Osterøy, Vaksdal og Samnanger	
052/2019	19/804	Endring frå DIHVA IKS til Vannvest AS	
053/2019	18/560	Godkjenning av ny selskapsavtale og tilskotsmodell for Interkommunalt arkiv Hordaland IKS frå 2020	
054/2019	18/554	Kommunedelplan for fv 49 forbi Tokagjelet - Offentleg ettersyn	
1	18/1157	Interpellasjon kommunestyre 17.10.2019	

SAKNR. 038/2019: Faste saker

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Informasjon og referatsaker:

Kommunedelplan fv49 Tokagjelet

Magna Vangsnes frå Statens vegvesen og Matti Torgersen frå Hordaland Fylkeskommune

presenterte prosjektet med tunell under Kvamskogen og dei alternativa som no ligg ute på høyring.

Øyvind Røen (Sp) (fungerande ordførar) orienterte om følgjande:

- Partsavtale med Klimapartner Vestland signert 06.09.2019.

- Skrifteleg førehandssamtykke - Reglane i §7-2 i den nye Kommunelova må det innhentast skriftleg førehandssamtykke frå kandidatar til kommunale utval m.m. - medlemmane i det nye kommunestyret har fått tilsendt skriv om dette datert 17.10.2019. Reglane om skrifteleg val er teke ut av denne kommunelova. Dette betyr at det ikkje lenger er lov med skrifteleg val av utval.

- Endring av lokale reglement - ny kommunelov gjer at reglement for kommunestyret og utval samt delegeringsreglementet må oppdateast med dei nye heimlane. Dette er stortsett endringar av redaksjonell karakter som administrasjonen kan gjera. Dette slutta kommunestyret seg til. Viser det seg at det er større endringar som må gjerast i reglementa vil dette komma som eigen sak til kommunestyret.

- TV-aksjonen 2019 - Samnanger kommune har gjeve eit bidrag på kr. 3000,- til innsamlinga for CARE Norge; "Ved samarbeid med kvinner arbeider CARE for å få til bærekraftig endring. Vi gir dem kunnskap, styrke og muligheter til å klare seg selv." Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Utvale sitt kvarter:

Tieieplikt for folkevalde i lukka møte:

Sture Tveit (H) undra på kva tieieplikt dei folkevalde hadde etter handsaming av ei sak i eit lukka politisk møte.

Rådmannen svara og viste til departementet sitt rundskriv og veiledar H-2142 punkt 4.2.

Der står det:

"Når en sak behandles for lukkede dører etter kommuneloven § 31, plikter de folkevalgte å bevare taushet om opplysninger som etter lov er underlagt taushetsplikt.

Det presiseres i merknadene til bestemmelsen at de folkevalgte kun har taushetsplikt om opplysninger som er taushetsbelagte i lov eller i medhold av lov. Det er ikke anledning til å pålegge folkevalgte en generell taushetsplikt om opplysninger selv om disse er unntatt offentlighet etter offentlighetsloven. Det er heller ikke slik at opplysninger blir taushetsbelagte kun fordi de er unntatt offentlighet eller gjelder saker som behandles i lukkede møter."

Forureining/ forsøpling:

Øyvind Strømmen (MDG) lurar på korleis tilstanden i det gamle deponiet i Gruvo (ved Utskot) er. Rådmannen varer på spørsmålet. Spørsmål og svar ligg som vedlegg til denne protokollen.

Vidare spør han om kommunen er kjend med at det er dumpa plastavfall nær idrettsanlegget i Hagabotnane? Rådmannen svarar på spørsmålet. Spørsmål og svar ligg som vedlegg til denne møteprotokollen.

Psykologtenesta:

Øyvind Strømmen (MDG) spør kva kommunen gjer no når psykologen har sagt opp stillinga si. Rådmannen kan fortelja at stillinga er lyst ut og at kommunen har inngått avtale om psykologtenester i mellomtida fram til det er tilsett ny psykolog.

PP-tenesta:

Odd Arne Haga (Frp) kunne komma med positive tilbakemeldingar frå foreldre som har born med ulike behov i skule og barnehage. Han lurte på korleis PPT samarbeidar med barnehagane. Rådmannen informerte om at PPT samarbeider tett både med skulane og barnehagane. Slik kan dei kartleggja og setja inn tiltak for dei ulike behova på eit tidleg tidspunkt. Dette er noko både PPT, barnehagane og skulen ser effekten av.

KS- 038/2019 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 039/2019: Økonomirapportering pr 2. tertial 2019

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdaal (A) stilte spørsmål om summering av tala i tabellane i saksframlegget til økonomirapporteringa.

Økonomisjef Nina Erdal har følgjande forklaring på dette:

"Desse tabellane har ein del fleire kolonnar enn det som er tatt med i økonomirapporteringssaka. Plassmangel er årsaka til at ikkje heile tabellen er limt inn. Eg brukte overskrifta «justert avvik» for å illustrere at tala er justert, men burde nok ha tatt med litt meir forklaring. Det tala er justert for er periodisering, dvs. når utgifter/ inntekter kjem tidlegare eller seinare enn det som er vanleg/ lagt til grunn i budsjettet. Nokre av tala er og korrigert for anna informasjon, for eks så har kommunen mottatt estimat på forventa rekneskapsresultat frå Bergen kommune (barnevern) som vil gje innsparing." Forklaring til økonomisjefen vart også sendt ut til alle som var på kommunestyremøtet 17.10.2019 i etterkant.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 039/2019 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomirapportering pr 2. tertial vert tatt til etterretning og det vert gjennomført fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Redusert skatt	1 900 000	
Auka inntektsutjamning og ramme, netto		1 260 000
Auka inntekt e-skatt		490 000
Innsparing barnevern Bergen kommune		590 000
Sjukerefusjon og innsparing ansvar 2000		290 000
Innsparing private barnehagar andre kommunar		460 000
Meirforbruk barnehage	500 000	
Meirforbruk barneskule	350 000	
Mindreforbruk ungdomsskolen		150 000
Meirforbruk sjukeheim	590 000	
Meirforbruk tenester for funksjonshemma	200 000	
Mindreforbruk heimetenester		120 000
Mindreforbruk administrasjon Samfunn, utv.		180 000
Fossen Bratte	50 000	
Bruk av næringsfondet		50 000
Kontrollutval forvaltningsrevisjon	171 000	
Bruk av disposisjonsfondet		171 000
Oppgradering Agresso	100 000	
Bruk av disposisjonsfondet		100 000
Investeringsbudsjettet:		
Veg Nyutløytræ	1 100 000	
Veg Tveitaflatane		1 100 000
Rassikring veg til ungdomsskolen	382 000	
Liavgen		401 500
Brøyteutstyr	19 500	
Hamnaugen	110 000	
Finansiering ubunde investeringsfond		110 000
Eigenkapitaltilskot KLP, redusert utgift		121 000
Finansiering ubunde investeringsfond	121 000	
Kontrollsum	5 593 500	5 593 500

03.10.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 024/2019 Vedtak:

Økonomirapportering pr 2. tertial vert tatt til etterretning og det vert gjennomført fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Redusert skatt	1 900 000	
Auka inntektsutjamning og ramme, netto		1 260 000
Auka inntekt e-skatt		490 000
Innsparing barnevern Bergen kommune		590 000
Sjukerefusjon og innsparing ansvar 2000		290 000
Innsparing private barnehagar andre kommunar		460 000
Meirforbruk barnehage	500 000	
Meirforbruk barneskule	350 000	
Mindreforbruk ungdomsskolen		150 000
Meirforbruk sjukeheim	590 000	
Meirforbruk tenester for funksjonshemma	200 000	
Mindreforbruk heimetenester		120 000
Mindreforbruk administrasjon Samfunn, utv.		180 000
Fossen Bratte	50 000	
Bruk av næringsfondet		50 000
Kontrollutval forvaltningsrevisjon	171 000	
Bruk av disposisjonsfondet		171 000
Oppgradering Agresso	100 000	
Bruk av disposisjonsfondet		100 000
Investeringsbudsjettet:		
Veg Nyutløræ	1 100 000	
Veg Tveitaflatane		1 100 000
Rassikring veg til ungdomsskolen	382 000	
Liavgen		401 500
Brøyteutstyr	19 500	
Hamnaugen	110 000	
Finansiering ubunde investeringsfond		110 000
Eigenkapitaltilskot KLP, redusert utgift		121 000
Finansiering ubunde investeringsfond	121 000	
Kontrollsum	5 593 500	5 593 500

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomirapportering pr 2. tertial vert tatt til etterretning og det vert gjennomført fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Redusert skatt	1 900 000	
Auka inntektsutjamning og ramme, netto		1 260 000
Auka inntekt e-skatt		490 000
Innsparing barnevern Bergen kommune		590 000
Sjukerefusjon og innsparing ansvar 2000		290 000
Innsparing private barnehagar andre kommunar		460 000
Meirforbruk barnehage	500 000	
Meirforbruk barneskule	350 000	
Mindreforbruk ungdomsskolen		150 000
Meirforbruk sjukeheim	590 000	
Meirforbruk tenester for funksjonshemma	200 000	
Mindreforbruk heimetenester		120 000
Mindreforbruk administrasjon Samfunn, utv.		180 000
Fossen Bratte	50 000	
Bruk av næringsfondet		50 000
Kontrollutval forvaltningsrevisjon	171 000	
Bruk av disposisjonsfondet		171 000
Oppgradering Agresso	100 000	
Bruk av disposisjonsfondet		100 000
Investeringsbudsjettet:		
Veg Nyutløytræ	1 100 000	
Veg Tveitaflatane		1 100 000
Rassikring veg til ungdomsskolen	382 000	
Liavgen		401 500
Brøyteutstyr	19 500	
Hamnaugen	110 000	
Finansiering ubunde investeringsfond		110 000
Eigenkapitaltilskot KLP, redusert utgift		121 000
Finansiering ubunde investeringsfond	121 000	
Kontrollsum	5 593 500	5 593 500

SAKNR. 040/2019: Finansrapportering 2.tertial 2019

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Fomannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 040/2019 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapportering for 2.tertial 2019 vert tatt til etterretning.

03.10.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 025/2019 Vedtak:

Finansrapportering for 2.tertial 2019 vert tatt til etterretning.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapportering for 2.tertial 2019 vert tatt til etterretning.

SAKNR. 041/2019: Premiss budsjett og økonomiplan 2020-2023 - ny handsaming

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen orienterte kommunestyret om status i organisasjonen.

Etter nyttår vil den administrative organisasjonen sjå slik ut:



Vidare fortalte ho om korleis administrasjonen arbeidar med å få på plass budsjettet for 2020. Dei aller fleste einingane har levert på ramma si, men nokre utfordringar gjenstår før rådmannen kan levera budsjettforslaget til kommunestyret.

Solveig Vassenden (BI), som også er leiar i eldrerådet, fortalte om korleis eldrerådet saman med Pensjonistforbundet og Samnangerheimen arbeider for velferdsteknologi.

Bright Olav Gåsdaal (A), som også er leiar i kontrollutvalet, fortalte om kontrollutvalet sitt arbeid og planar for i 2020. Han understrekte også at det er viktig at medlemmane får skikkeleg opplæring i starten av ein kommunestyreperiode.

Han sette fram framlegg til vedtak om at kulepunkt 5 i kommunestyrevedtak frå 03.06.2019 i sak 035/19 skal finansierast av dispensasjonsfondet.

Kulepunktet vert då som følgjande:

- *Det må utgreiast ein heilheitleg plan på oppvekstsektoren, der 1-10 skule, sammanslåing av barnehagane og fleirbrukshall/idrettshall skal sjåast på under eitt. Dette vert finansiert av dispensasjonsfondet.*

Bright Olav Gåsdaal (A) sitt framlegg om endring i kulepunkt 5 i kommunestyrevedtak frå 03.06.2019 i sak 035/19 vart samrøystes vedteke.

KS- 041/2019 Vedtak:

- Det skal i 2020-budsjettet vera ei avsetjing på 3,9 millionar kroner til disposisjonsfondet, i tillegg til eit netto resultatkrav på 1,75%.
- Det blir sett av 100.000 til vedlikehald for kyrkjestyret. Dette skal vera ein fast årleg sum som er øyremerkt til vedlikehald av bygningsmasse/eigedom.
- I budsjettarbeidet for 2020 skal ein leggja til grunn kostnadsnivå for 2019, og berre indeksjustera for auka lønskostnader. Dette gjeld også for kyrkja og kontrollutvalet/revisjonen.
- Det skal utarbeidast ein konkret plan på kva klimatiltak Samnanger kommune skal bruka pengar på i 2020. Midlar skal hentast frå klimafondet, kr 150.000,-
- Det må utgreiast ein heilheitleg plan på oppvekstsektoren, der 1-10 skule, sammenslåing av barnehagane og fleirbrukshall/idrettshall skal sjåast på under eitt. Dette vert finansiert av dispensasjonsfondet.
- Det må gjerast ein mogelegheitsstudie for Bjørkheimsområdet. Her skal ein vurdere ny næringsverksemd og forskjønning av området. Midlar skal hentast frå disposisjonsfondet, inntil kr 250.000.

03.10.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

I den innleiande debatten viste Arild Røen (H) til brev frå FAU og SU i dei kommunale barnehagane, der det vert uttrykt bekymring for ressursituasjonen i barnehagane. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at det ikkje er aktuelt å stenga barnehagane mellom kl. 07.00 og 07.30.

Fungerande ordførar Øyvind Røen (SP) sette fram framlegg om at saka vert utsett og sendt til kommunestyret utan ny tilråding, og om at administrasjonen må sjå nærmare på kulepunkt 5 i kommunestyret sitt vedtak frå 03.06.2019.

Utsetjingsframlegget frå Øyvind Røen vart samrøystes vedteke.

Vedtaket inneber at administrasjonen må prøva å få avklart om nokon av tiltaka i kulepunkt 5 kan finansierast av tilskotet som fylkeskommunen har gitt til idrettshall.

FORM- 026/2019 Vedtak:

Saka vert utsett og vert sendt til ny handsaming i kommunestyret utan tilråding frå formannskapet. Administrasjonen må før kommunestyret si handsaming 17.10.2019 sjå nærmare på kulepunkt 5 i kommunestyret sitt vedtak frå 03.06.2019.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

SAKNR. 042/2019: Kommunalt tilskot til private barnehagar 2020

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Bright Olav Gåsdal (A) stilte spørsmålet om saka om kommunalt tilskot til private barnehagar i framtida burde handsamast som ei delegert sak. Dette bør ein sjå på vidare og i samanheng med at kommunestyret i ny kommunestyreperiode skal vedta nytt delegeringsreglement.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 042/2019 Vedtak:

Vedtaket vert gjort med heimel i «Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehagar». Tilskotet vert berekna med utgangspunkt i kommunen sine driftsutgifter til ordinær barnehagedrift i 2018 og på bakgrunn av tal born i dei kommunale barnehagane i 2018.

Tilskotssatsane er pr heiltidsplass pr år.

Kommunal sats	Beløp
Born frå 0 til 2 år	Kr 197 877
Born frå 3 til 6 år	Kr 93 141

Detaljert berekning ligg i vedlagt rekneark. I grunnlag for utrekning av tilskotssatsar er det brukt eit anslag på kommunal deflator for 2020 på 2,8 % og eit anslag på makspris for full barnehageplass på kr 3 125 pr md. Dersom statsbudsjettet legg til grunn ein annan deflator og eller makspris, får rådmannen delegert mynde til å korrigera.

Statleg sats jf. forskrift	Tilskot til ped.bemanning jf. § 5a	Kapitaltilskot jf. § 6
Born frå 0 til 2 år	Kr 2 276	Kr 9 500
Born frå 3 til 6 år	Kr 1 264	Kr 9 500

Dei statlege satsane kan bli endra dersom forskrifta vert revidert.

03.10.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 027/2019 Vedtak:

Vedtaket vert gjort med heimel i «Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehagar». Tilskotet vert berekna med utgangspunkt i kommunen sine driftsutgifter til ordinær barnehagedrift i 2018 og på bakgrunn av tal born i dei kommunale barnehagane i 2018.

Tilskotssatsane er pr heiltidsplass pr år.

Kommunal sats	Beløp
Born frå 0 til 2 år	Kr 197 877
Born frå 3 til 6 år	Kr 93 141

Detaljert berekning ligg i vedlagt rekneark. I grunnlag for utrekning av tilskotssatsar er det brukt eit anslag på kommunal deflator for 2020 på 2,8 % og eit anslag på makspris for full barnehageplass på kr 3 125 pr md. Dersom statsbudsjettet legg til grunn ein annan deflator og eller makspris, får rådmannen delegert mynde til å korrigera.

Statleg sats jf. forskrift	Tilskot til ped.bemanning jf. § 5a	Kapitaltilskot jf. § 6
Born frå 0 til 2 år	Kr 2 276	Kr 9 500
Born frå 3 til 6 år	Kr 1 264	Kr 9 500

Dei statlege satsane kan bli endra dersom forskrifta vert revidert.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtaket vert gjort med heimel i «Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehagar». Tilskotet vert berekna med utgangspunkt i kommunen sine driftsutgifter til ordinær barnehagedrift i 2018 og på bakgrunn av tal born i dei kommunale barnehagane i 2018.

Tilskotssatsane er pr heiltidsplass pr år.

Kommunal sats	Beløp
Born frå 0 til 2 år	Kr 197 877
Born frå 3 til 6 år	Kr 93 141

Detaljert berekning ligg i vedlagt rekneark. I grunnlag for utrekning av tilskotssatsar er det brukt eit anslag på kommunal deflator for 2020 på 2,8 % og eit anslag på makspris for full barnehageplass på kr 3 125 pr mnd. Dersom statsbudsjettet legg til grunn ein annan deflator og eller makspris, får

rådmannen delegert mynde til å korrigere.

Statleg sats jfr forskrift	Tilskot til ped.bemanning jfr § 5a	Kapitaltilskot jfr § 6
Born frå 0 til 2 år	Kr 2 276	Kr 9 500
Born frå 3 til 6 år	Kr 1 264	Kr 9 500

Dei statlege satsane kan bli endra dersom forskrifta vert revidert.

SAKNR. 043/2019: Endeleg vedtak av reguleringsplan for Børdalen næringsområde

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Knut Harald Frøland (Bl) stilte spørsmål om sin gildskap i saka, då svigerinna hans er gift med ein av eigarane i Regn Datacenters AS som er tiltakshavar til detaljreguleringsplan for Gnr. 35 bnr. 4 m.fl. - Børdalen næringsområde.

Frøland gjekk ifrå medan kommunestyret vurderte gildskapen hans.

Eit samrøystes kommunestyre fann Knut Harald Frøland (Bl) ugild i saka jf. forvaltningsloven §6 bokstav b.

Bjarte Linga (Bl) var vara for Frøland i handsaminga av saka. Han fungerte då også som varaordførar. Sture Tveit (H) stilte spørsmål om sin gildskap i saka, då han er onkel til kommunestyrerepresentanten Knut Harald Frøland (Bl).

Tveit gjekk ifrå medan gildskapen hans vart vurdert. Eit samrøystes kommunestyre vedtok representanten Sture Tveit (H) gild, og han deltok i sakshandsaminga.

Framlegget frå naturutvalet vart samrøystes vedteke.

KS- 043/2019 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljreguleringsplan for Gnr. 35 bnr. 4 m.fl. Børdalen næringsområde endeleg vedteken. PlanID er 1242201801, og planmaterialet består av følgjande juridisk bindande dokument, jf. pbl § 12-1 første ledd:

- Plankart, datert 11.09.19
- Føresegner, datert 11.09.19

Grunnlagsmaterialet er som følgjer:

- Planskildding, datert 11.09.19
- Merknadsskjema, datert 11.09.19
- Perspektiv av dagens situasjon og plangrepet, datert 03.06.19
- ROS-analyse, datert 11.09.19
- Trafikkanalyse, datert 03.06.19
- Presentasjon av Alt. 1 og Alt. 2 i konsekvensutgreiinga, datert 03.06.19
- Landskapsanalyse, datert 03.06.19

- Konsekvensutredning for naturmangfold, datert 30.04.19
- Flom- og skredfarevurdering, datert 25.10.18
- Vurdering av mulige sikringsløsninger, datert 11.01.19

01.10.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Utvalet slutta seg til tilrådinga.

Utsegna "tatt til vitande" vart drøfta og er jamnstilt med "tatt til orientering".

NAT- 017/2019 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljreguleringsplan for Gnr. 35 bnr. 4 m.fl.

Børdalen næringsområde endeleg vedteken. PlanID er 1242201801, og planmaterialet består av følgjande juridisk bindande dokument, jf. pbl § 12-1 første ledd:

- Plankart, datert 11.09.19
- Føresegner, datert 11.09.19

Grunnlagsmaterialet er som følgjer:

- Planskildring, datert 11.09.19
- Merknadsskjema, datert 11.09.19
- Perspektiv av dagens situasjon og plangrepet, datert 03.06.19
- ROS-analyse, datert 11.09.19
- Trafikkanalyse, datert 03.06.19
- Presentasjon av Alt. 1 og Alt. 2 i konsekvensutgreiinga, datert 03.06.19
- Landskapsanalyse, datert 03.06.19
- Konsekvensutredning for naturmangfold, datert 30.04.19
- Flom- og skredfarevurdering, datert 25.10.18
- Vurdering av mulige sikringsløsninger, datert 11.01.19

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 vert detaljreguleringsplan for Gnr. 35 bnr. 4 m.fl.

Børdalen næringsområde endeleg vedteken. PlanID er 1242201801, og planmaterialet består av følgjande juridisk bindande dokument, jf. pbl § 12-1 første ledd:

- Plankart, datert 11.09.19
- Føresegner, datert 11.09.19

Grunnlagsmaterialet er som følgjer:

- Planskildring, datert 11.09.19
- Merknadsskjema, datert 11.09.19
- Perspektiv av dagens situasjon og plangrepet, datert 03.06.19
- ROS-analyse, datert 11.09.19
- Trafikkanalyse, datert 03.06.19
- Presentasjon av Alt. 1 og Alt. 2 i konsekvensutgreiinga, datert 03.06.19
- Landskapsanalyse, datert 03.06.19
- Konsekvensutredning for naturmangfold, datert 30.04.19
- Flom- og skredfarevurdering, datert 25.10.18
- Vurdering av mulige sikringsløsninger, datert 11.01.19

SAKNR. 044/2019: Tilskot privat veg

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Martin Haugen (Bl) stilte spørsmål om sin gildskap i saka, då Haugavegen, ein av dei omsøkte vegane, går til eigedommen hans. Han har også vore med på å finansiera utbetringa av denne veg.

Representanten gjekk ifrå medan kommunestyret vurderte gildskapen hans.

Martin Haugen (Bl) vart funnen ugild jf. forvaltningsloven §6 2.ledd med 19 røyster mot ei røyst frå Knut Harald Frøland (Bl).

Bjarte Linga (Bl) tok plassen som vara for Haugen under handsaminga av saka.

Sture Tveit (H) bad om å få vurdert gildskapen sin då han nyttar same veg til eigedomen sin som til Osteriet på Tveit. Dette er ein av dei omsøkte vegane i saka.

Representanten gjekk ifrå medan kommunestyret vurderte gildskapen hans. Sture Tveit (H) vart funnen ugild med 16 mot 4 røyster jf. forvaltningsloven §6. 2.ledd og deltok ikkje i handsaminga av saka. Representantane som stemte for at Tveit skulle vera gild i handsaminga av saka var: Arild Røen (H), Lena Tveit (Bl), Solveig Vassenden (Bl) og Knut Harald Frøland (Bl).

Øyvind Strømmen (MDG) presiserte at dersom vedtaket frå formannskapet vart vedteke måtte ordlyden i andre avsnitt endrast frå "Formannskapet oppmodar.." til "Kommunestyret oppmodar..". Kommunestyret slutta seg til dette, og administrasjonen fekk i oppgåve å endre teksten slik at ordlyden i vedtaket vart rett.

Monica Tjønnå (Sp) ytra ønskje om at kommunestyret i framtida får handsame ei prinsipiell sak om tilskot til private vegar.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med dei redaksjonelle endringane som Strømmen påpeika.

KS- 044/2019 Vedtak:

Samnanger kommune gjev ikkje tilskot til vedlikehald/oppgradering av privat veg etter søknad frå Bente Getz for veg på Tveit og Ottar Haugen for veg i Hisdalen. Kommunen har ikkje økonomi eller vedteke eigen tilskotsordning til private vegar.

Kommunestyret oppmodar Osteriet i Samnanger til å søkja næringsfondet om støtte, og peiker i den samanheng på at det då også er naudsynt å diskutera støtte til veg frå næringsfondet på eit prinsipielt grunnlag.

03.10.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt i forhold til rådmannen sitt framlegg:

- Formannskapet oppmodar Osteriet i Samnanger til å søkja næringsfondet om støtte, og peiker i den samanheng på at det då også er naudsynt å diskutera støtte til veg frå næringsfondet på eit prinsipielt grunnlag.

Øyvind Strømmen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 028/2019 Vedtak:

Samnanger kommune gjev ikkje tilskot til vedlikehald/oppgradering av privat veg etter søknad frå Bente Getz for veg på Tveit og Ottar Haugen for veg i Hisdalen. Kommunen har ikkje økonomi eller vedteke eigen tilskotsordning til private vegar.

Formannskapet oppmodar Osteriet i Samnanger til å søkja næringsfondet om støtte, og peiker i den samanheng på at det då også er naudsynt å diskutera støtte til veg frå næringsfondet på eit prinsipielt grunnlag.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev ikkje tilskot til vedlikehald/oppgradering av privat veg etter søknad frå Bente Getz for veg på Tveit og Ottar Haugen for veg i Hisdalen. Kommunen har ikkje økonomi eller vedteke eigen tilskotsordning til private vegar.

SAKNR. 045/2019: Skjenkeløyve - Milano Pizzeria - Bjørkheim**17.10.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Eit samrøystes kommunestyre vedtok å handsama saka bak lukka dører.

Sakshandsamar orienterte kommunestyret om saka, og etter litt diskusjon, vart det halde eit gruppemøte etter ønsker frå Knut Harald Frøland (BI).

Etter gruppemøte sette Lena Tveit (BI) fram følgjande framlegg til vedtak:

Milano pizza Bjørkheim vert gjeve skjenkebevilgning med følgjande kriterier:-det vert tillate skjenking i tida frå 10-23.-skjenkeløyvet vert gjeve med ei prøvetid på 1 år .

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til Milano Pizzeria Bjørkheim.

Det vart så røysta over dei ulike framlegga.

Rådmannen sitt framlegg opp imot Lena Tveit (Bl) sitt framlegg:

For rådmannen sitt framlegg:	For Lena Tveit (Bl) sitt framlegg:
Bright Olav Gåsdaal (A)	Lena Tveit (Bl)
Gunn Østvik Petersen (A)	Solveig Vassenden (Bl)
Roger Gjerde Urås (A)	Martin Haugen (Bl)
Harald Boge (A)	Knut Harald Frøland (Bl)
Nils Aadland (A)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Øyvind Røen (Sp)	Gunnar Bruvik (Frp)
Monica Tjønnå (Sp)	Odd Arne Haga (Frp)
Jon Magne Bogevik (pol.uanheng)	
Ingvild Raftevoll Bogevik (Frp)	
Sture Tveit (H)	
Arild Røen (H)	
Inge Aasgaard (Krf)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Totalt: 14 røyster	Totalt: 7 røyster

Arild Røen (H) sitt framlegg:

For Arild Røen (H) sitt framlegg:	Imot Arild Røen (H) sitt framlegg:
Bright Olav Gåsdaal (A)	Lena Tveit (Bl)
Gunn Østvik Petersen (A)	Solveig Vassenden (Bl)
Roger Gjerde Urås (A)	Martin Haugen (Bl)
Harald Boge (A)	Knut Harald Frøland (Bl)
Nils Aadland (A)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Øyvind Røen (Sp)	Gunnar Bruvik (Frp)
Monica Tjønnå (Sp)	Odd Arne Haga (Frp)
Ingvild Raftevoll Bogevik (Frp)	Jon Magne Bogevik (pol.uavh.)
Sture Tveit (H)	
Arild Røen (H)	
Inge Aasgaard (Krf)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Totalt: 13 røyster	Totalt: 8 røyster

Arild Røen (H) sitt framlegg vart vedteke med 13 imot 8 røyster.

KS- 045/2019 Vedtak:

Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til Milano Pizzeria Bjørkheim.

03.06.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Etter framlegg frå ordførar Knut Harald Frøland (Bl) vart møtet lukka medan kommunestyret drøfta om saka skulle handsamast for lukka dører. Møtet vart opna att før kommunestyret røysta over om saka skulle handsamast for lukka dører.

Det vart samrøystes vedteke at saka skulle handsamast for lukka dører, med heimel i kommunelova §§ 31.2 og 31.4. Møtet vart så lukka att, og resten av handsaminga gjekk for lukka dører.

Fleire av medlemmene i kommunestyret stilte spørsmål om at politiet ikkje har gitt uttale i saka, til tross for purring frå kommunen. Det kom også fram under handsaminga at det ikkje er første gong dette har skjedd. Det var semje i kommunestyret om å ta inn ein protokollmerknad om dette.

Protokollmerknad:

"Samnanger kommunestyre stiller spørsmål ved kvifor politiet ikkje har gitt uttale til søknaden frå Milano Pizzeria om skjenkeløyve."

Etter den innleiande debatten sette Vidar Tveiterås (A) fram følgjande framlegg:
"Saka vert utsett i påvente av politiet sin uttale".

Utsetjingsframlegget vart vedteke med 13 mot 8 røyster.

For å utsetja saka	Imot å utsetja saka
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Lena Tveit (Bl)	Monica Tjønnå (Sp)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	Gunn Totland Moss (Krf)
Martin Haugen (Bl)	Inge Aasgaard (Krf)
Solveig Vassenden (Bl)	Harald Boge (A)
Bright Olav Gåsdal (A)	Olaug Øystese (A)
Vidar Tveiterås (A)	Gunn Østvik Petersen (A)
Gunnar Bruvik (Frp)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Odd Arne Haga (Frp)	
Svein Røseth (Frp)	
Jon Magne Bogevik (Uavh)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	

KS- 024/2019 Vedtak:

Saka vert utsett i påvente av politiet sin uttale.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad om skjenkeløyve frå Milano Pizzeria Vaksdal Halis Celep (org. 917 124 264) vert med heimel i alkohollova §1-7b avvist.

SAKNR. 046/2019: Søknad om fritak frå eigedomskatt for bygning med historisk verdi GBNR 45/13

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 046/2019 Vedtak:

Gnr./bnr. 45/13 får fritak frå eigedomsskatt med medhald i eigedomsskattelova § 7b. Det er ein føremon at huset vert brukt som fritidsbustad, og ikkje til utleige. Fritaket gjeld f.o.m. 2018.

Vedtak om fritak vil gjelda i 1 år (kalenderår/skatteår). Satsane for eigedomsskatt i 2019 (7 promille og 2,4 promille) er dei same som i 2018.

03.10.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 030/2019 Vedtak:

Gnr./bnr. 45/13 får fritak frå eigedomsskatt med medhald i eigedomsskattelova § 7b. Det er ein føremon at huset vert brukt som fritidsbustad, og ikkje til utleige. Fritaket gjeld f.o.m. 2018.

Vedtak om fritak vil gjelda i 1 år (kalenderår/skatteår). Satsane for eigedomsskatt i 2019 (7 promille og 2,4 promille) er dei same som i 2018.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

GBNR 45/13 får fritak frå eigedomsskatt med medhald i eigedomsskattlova § 7b. Det er eit føremon at huset vert brukt som fritidsbudtad, og ikkje til utleige. Fritaket gjelder f.o.m. 2018.

Vedtak om fritak vil gjelda i 1 år (kalenderår/skatteår). Satsane for eigedomsskatt i 2019 (7 promille og 2,4 promille) er dei same som i 2018.

SAKNR. 047/2019: Bergen og omland friluftsråd - endring i medlemskommunar på grunn av kommunesamanslåingar

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 047/2019 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev si tilslutning til at kommunane Fjell, Sund, Øygarden, Meland, Radøy, Lindås, Os og Fusa går ut av Bergen og Omland friluftsråd med grunngjeving i kommunesamanslåingar. Samstundes gjev Samnanger kommune si tilslutning til at dei nye kommunane Nye Øygarden, Alver og Bjørnafjorden blir nye deltakarkommunar i Bergen og Omland Friluftsråd og overtar rettar og plikter frå sine respektive samanslåtte kommunar.

03.10.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 032/2019 Vedtak:

Samnanger kommune gjev si tilslutning til at kommunane Fjell, Sund, Øygarden, Meland, Radøy, Lindås, Os og Fusa går ut av Bergen og Omland friluftsråd med grunngjeving i kommunesamanslåingar. Samstundes gjev Samnanger kommune si tilslutning til at dei nye kommunane Nye Øygarden, Alver og Bjørnafjorden blir nye deltakarkommunar i Bergen og Omland Friluftsråd og overtar rettar og plikter frå sine respektive samanslåtte kommunar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev si tilslutning til at kommunane Fjell, Sund, Øygarden, Meland, Radøy, Lindås, Os og Fusa går ut av Bergen og Omland friluftsråd med grunngjeving i kommunesamanslåingar. Samstundes gjev Samnanger kommune si tilslutning til at dei nye kommunane Nye Øygarden, Alver og Bjørnafjorden blir nye deltakarkommunar i Bergen og Omland Friluftsråd og overtar rettar og plikter frå sine respektive samanslåtte kommunar.

SAKNR. 048/2019: Medlem i Visit Bjørnefjorden

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 048/2019 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vert medlem av Visit Bjørnefjorden, og løyver inntil kr 25.000 for 2019 og inntil kr 50.000,- frå 2020 til foreininga Visit Bjørnefjord. Medlemskapet vert dekkja frå det kommunale næringsfondet knt .1400.3251.

03.10.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 033/2019 Vedtak:

Samnanger kommune vert medlem av Visit Bjørnefjorden, og løyver inntil kr 25.000 for 2019 og inntil kr 50.000,- frå 2020 til foreininga Visit Bjørnefjord. Medlemskapet vert dekt frå det kommunale næringsfondet kto. 1400.3251.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vert medlem av Visit Bjørnefjorden, og løyver inntil kr 25.000 for 2019 og inntil kr 50.000,- frå 2020 til foreininga Visit Bjørnefjord. Medlemskapet vert dekkja frå det kommunale næringsfondet knt .1400.3251.

SAKNR. 049/2019: Kjøp av parsell på Bjørkheim 18/163

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Assisterande rådmann/ sektorleiar samfunn og utvikling Hilde-Lill Våge fortalte at etter at saka var handsama i formannskapet hadde grunneigar ombestemt seg og kanselert kjøpet. Ho orienterte om at dette området truleg ville komma med i områdereguleringsplanen for Bjørkheim som skal reviderast.

På bakgrunn av det Hilde Lill Våge fortalte, vart eit samrøystes kommunestyret einige om vedtaket.

KS- 049/2019 Vedtak:

Kjøpet vert kanselert. Området vert vurdert i revisjon av områdereguleringsplanen for Bjørkheim.

03.10.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 034/2019 Vedtak:

Samnanger kommune inngår kjøpekontrakt med Ragnar Brigtsen om kjøp av parsell på 602 m2 på gnr./bnr. 18/163. Prisen vert 508,42 kroner pr. m2. Totalt vil det utgjere ein pris på 306.068,84 kroner.

Kjøpet vert finansiert med sal av bustadtomter.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune inngår kjøpekontrakt med Ragnar Brigtsen om kjøp av parsell på 602 m² på gnr 18/163. Prisen vert 508,42 kroner pr. m². Totalt vil det utgjere ein pris på 306.068,84 kroner. Kjøpet vert finansiert med sal av bustadtomter.

SAKNR. 050/2019: Innfartsparkering - Bjørkheim**17.10.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Knut Harlald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak som eit tilleggspunkt til rådmannen sitt framlegg:

- *Tiltaket må avstemmast ifht arbeid med å få til betre kryssløysing(ar) på Bjørkheim*

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggspunktet frå Frøland vart samrøystes vedteke.

KS- 050/2019 Vedtak:**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune ønskjer å få opparbeidd innfartsparkeringa på Bjørkheim, område PP2 i områdeplanen.

Finansieringen på 2,4 millionar vert gjort gjennom ei deling på 50/50 mellom Hordaland Fylkeskommune/Statens Vegvesen og Samnanger kommune. Tiltaket vert finansiert med lånemidlar frå ubunde investeringsfond.

Tiltaket må avstemmast ifht arbeid med å få til betre kryssløysing(ar) på Bjørkheim.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ønskjer å få opparbeidd innfartsparkeringa på Bjørkheim, område PP2 i områdeplanen.

Finansieringen på 2,4 millionar vert gjort gjennom ei deling på 50/50 mellom Hordaland Fylkeskommune/Statens Vegvesen og Samnanger kommune. Tiltaket vert finansiert med lånemidlar frå ubunde investeringsfond.

SAKNR. 051/2019: Utgreiing av interkommunalt legevaktsamarbeid mellom Bergen, Osterøy, Vaksdal og Samnanger**17.10.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Fungerande ordførar Øyvind Røen (Sp) orienterte om at kommunestyret i Osterøy alt hadde fatta vedtak om å vera med på ei utgreiing om interkommunalt legevaktsamarbeid i Arna.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 051/2019 Vedtak:**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune gir tilslutning til vedtaket i Bergen byråd i sak 1241/19 om å iverksetja ei utgreiing om interkommunalt legevaktsamarbeid i Arna.

03.10.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 035/2019 Vedtak:

Samnanger kommune gir tilslutning til vedtaket i Bergen byråd i sak 1241/19 om å iverksetja ei utgreiing om interkommunalt legevaktsamarbeid i Arna.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gir tilslutning til vedtaket i Bergen byråd i sak 1241/19 om å iverksetja ei utgreiing om interkommunalt legevaktsamarbeid i Arna.

SAKNR. 052/2019: Endring frå DIHVA IKS til Vannvest AS**17.10.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 20 røyster mot ei røyst frå Jon Magne Bogevik (politisk uavhengig)

KS- 052/2019 Vedtak:**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- a. Samnanger kommune vedtek å delta i stiftinga av Vannvest AS. Ordførar får fullmakt til å representera kommunen på stiftingsmøtet.
- b. Kommunestyret vedtek å yta eit ansvarleg lån til Vannvest AS tilsvarande kr. 5 pr. innbyggjar. Lånet vert finansiert av disposisjonsfondet.
- c. Samnanger kommune vedtek å tre ut av Driftsassistansen i Hordaland - Vann og avløp IKS med verknad frå 01.09.20. Dersom stifting av nytt Vannvest AS skjer etter 01.11.19 vert tidspunkt for å tre ut av IKS'et tilsvarande forskyve.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- a. Samnanger kommune vedtek å delta i stiftinga av Vannvest AS. Ordførar får fullmakt til å representera kommunen på stiftingsmøtet.
- b. Kommunestyret vedtek å yta eit ansvarleg lån til Vannvest AS tilsvarande kr. 5 pr. innbyggjar. Lånet vert finansiert av disposisjonsfondet.
- c. Samnanger kommune vedtek å tre ut av Driftsassistansen i Hordaland - Vann og avløp IKS med verknad frå 01.09.20. Dersom stifting av nytt Vannvest AS skjer etter 01.11.19 vert tidspunkt for å tre ut av IKS'et tilsvarande forskyve.

SAKNR. 053/2019: Godkjenning av ny selskapsavtale og tilskotsmodell for Interkommunalt arkiv Hordaland IKS frå 2020

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 053/2019 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Samnanger kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Samnanger kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

SAKNR. 054/2019: Kommunedelplan for fv 49 forbi Tokagjelet - Offentleg ettersyn

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Nils Aadland (A) meinte at det kom for lite fram kva ulemper dette prosjektet vil få for Samanger.

Monica Tjønnå (Sp) bad om eit gruppemøte.

Etter gruppemøte sette Tjønnå fram følgjande framlegg til vedtak:

- *Grunna auka belastning på vegen i Samnanger i forbindelse med tunnel gjennom Tåkagjelet, så ynskjer vi utbetring og trafikksikringstiltak som avbøtende tiltak.*
- *Samnanger kommune støtter ikkje alternativet med utløp på Jarland.*

Det vart røysta over framlegget til Monica Tjønnå (Sp) punktvis.

Punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 vart vedteke med 11 mot 10 røyster

For punkt 2	Imot punkt 2
Knut Harald Frøland (Bl)	Martin Haugen (Bl)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Jon Magne Bøgevik (pol.uavh.)
Lena Tveit (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Solveig Vassenden (Bl)	Nils Aadland (A)
Øyvind Røen (Sp)	Gunn Østvik Petersen (A)
Monica Tjønnå (Sp)	Harald Bøge (A)
Ingvild Raftevoll Bøgevik (Frp)	Roger Gjerde Urås (A)
Arild Røen (H)	Bright Olav Gåsdal (A)
Sture Tveit (H)	Odd Arne Haga (Frp)
Inge Aasgaard (Krf)	Gunnar Bruvik (Frp)
Gunn Totland Moss (Krf)	
Totalt: 11 røyster	Totalt: 10 røyster

KS- 054/2019 Vedtak:

- Grunna auka belastning på vegen i Samnanger i forbindelse med tunnel gjennom Tåkagjelet, så ynskjer vi utbetring og trafikksikringstiltak som avbøtende tiltak.
- Samnanger kommune støtter ikkje alternativet med utløp på Jarland.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune har ingen merknader til offentleg ettersyn av kommunedelplan for fv 49 forbi Tokagjelet. Alle alternativa er grundig konsekvensutgreidde, og valet mellom dei kviler mest på moglegheitene for finansiering.

SAKNR. 1: Interpellasjon kommunestyre 17.10.2019

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Det kom to interpellasjonar til dette kommunestyret.

Gang/ sykkelsti og vatn/ avløp i Eikedalen -

frå Monica Tjønnå (Sp) og Inge Aasgaard (Krf)

Inge Aasgaard (Krf) las opp interpellasjonen. Rådmannen las opp svaret frå administrasjonen.

Dette svaret ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Det vart ikkje røysta over interpellasjonen.

Skattelegging av vasskraftverk - Høyringsvar til Finansdepartementet -

frå Monica Tjønnå (Sp)

Monica Tjønnå (Sp) las opp interpellasjonen. Rådmannen las opp svaret frå administrasjonen. Dette svaret ligg som vedlegg til møteprotokollen. Rådmannen kunne informera om at LVK truleg, innan høyringsfristen 01.01.2020, vil komma med ein felles uttale frå medlemskommunane.

Arild Røen (H) kunne fortelja at Høgre i Nye Vestland fylke skal ha årsmøte i november, dei kjem til å senda eit opprop til statsministeren sitt kontor der dei ber om at forslaget vert skrinlagt og stanse den pågåande prosessen.

Øyvind Strømmen (MDG) kunne informere at fylkestinget i Hordaland 01.10.2019 gjorde vedtak om fråsegn om å oppretthalda ressursfordelinga til kommunane.

Etter at interpellasjonen ytterlegare diskusjon og prøverøysting vart det samrøystes vedteke å sende interpellasjonen frå Tjønna som høyringsuttale frå Samnanger kommunestyre.

KS- 1 Vedtak:

Interpellasjonen frå Monica Tjønna (Sp) vert sendt som høyrings svar om NOU 2019:16 Skattelegging av vasskraftverk frå Samnanger kommunestyre til Finansdepartementet